



MØTEPROTOKOLL

Utval: Eldrerådet

Møtedato 29.05.2017

Møtetid: Kl. 13:00 - 15:00

Møtestad: Kommunehuset

Av 4 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Andre som var til stades på møtet:

Sjursen, Solveig

Solvang, Bjørg

Totland, Inger-Karin

Vassenden, Solveig

Møteleiar:	Vassenden, Solveig
Møtesekretær:	Ludvigsen, Rita

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse

Vassenden, Solveig

Ludvigsen, Rita

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2017	17/612	Faste saker	
002/2017	16/436	Uttale frå eldrerådet på forslag til lokal forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad	
003/2017	16/436	Innspel til økonomiplanen	

Møteinnkallinga og saklista ver godkjent
Delegerete vedta/ referatsaker vert tekne til orientering

29.05.2017 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

Orienteringar:

Sektorleiar for helse og omsorg Grete Lill Hjartnes hadde ei orientering. Skrivet ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Utvalet sitt kvarter:

Medlemmane ønskjer møtefrekvans på 3-4 møter pr. år.

ELD- 001/2017 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista ver godkjent

Delegerete vedta/ referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/2017: Uttale frå eldrerådet på forslag til lokal forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert drøfta i møtet 29.05.17 og referat frå drøftinga går som uttale til høyringa.

29.05.2017 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

Eldrerådet slutta seg til rådmannen sitt *Forslag til lokal forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad for Samnanger kommune*.

ELD- 002/2017 Vedtak:

Forslag til lokal forskrift om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad for Samnanger kommune vert vedteke slik den ligg føre.

SAKNR. 003/2017: Innspel til økonomiplanen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet sitt ynskje om redusert vassavgift til einslege eldre i bygda vert teke med som innspel til økonomiplanen og budsjettarbeidet for 2018.

29.05.2017 Eldrerådet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

ELD- 003/2017 Vedtak:

Eldrerådet sitt ynskje om redusert vassavgift til einslege eldre i bygda vert teke med som innspel til økonomiplanen og budsjettarbeidet for 2018.

Orientering til eldrerådet 29.05.17

- **Arbeid rundt det med velferdsteknologi i kommunen, mellom anna digitale tryggleiksalarmer, komfyrvakter og elektroniske dør låser og brukarmedverknad i arbeidet.**

* Områder for velferdsteknologi som me har/ønskjer pr i dag:

Alarmar

Me har nattopp skifta ut alle tryggleiksalarmane.

No har me digitale tryggleiksalarmer. Alle alarmanegår på det mobile nettverket - altså me treng inga fast telefonlinje. Det er sim-kort i kvar alarm, men det er knytta opp mot alarmen og ikkje mot brukaren sitt namn, slik at ein slepp å melde inn og ut frå f.eks telenor, som me måtte før.

Alarmane blir "overvåka" på ein heilt anna måte, og einingsleiar har egen nettside ho kan gå inn og sjekke alarmane for signalstyrke, at dei er på, og andre ting. Ho får også melding som før, dersom nokon er utan strøm, treng å bytte batteri, eller andre ting.

Tillegg

Fallsensor. Det er eit magebelte pr i dag, men det kjem snart eit som kan bærast rundt håndleddet. Falldeteksjon basert på retning/hastighet.

Det går også an å koble på mBox. Der kan ein då få døralarm, sengealarm, mattealarm og stolalarm + rekkeviddeforsterker.

Og røykvarsler kan tilkoblast.

Handterminaler/tlf

Me ønskjer å ta desse i bruk. Tilsette som er ute i heimetenesta vil då ha med delar av pasientjournalen ute og vil kunne lese og rapportere i den. Denne er knytt til Cosdoc (elektronisk pasientjournal). Desse terminalane vil også kunne med rette systemet samsnakka med elås.

Elås

Låsesystem som vert montert hjå alle som mottek tenester i heimen. Systemet er ikkje synleg og vert styrt hjå dei som har Gerica via terminal/tlf dei har med seg ute i heimetenesta. Me har Cosdoc og må kontakte Acos for å høyre kva dei kan levere. Det gamle nøkkelsystemet me har fungerer dårlig og er tidkrevjande og ikkje optimalt.

Medisindispenser

Dei fleste av våre heimebuande brukar multidose (medisin vert pakka i posar på apotek)

Opplegget er at ei stemme fortel brukaren at han/ho må ta medisinen. Dispenseren opnar seg då og medisinen vert tilgjengeleg. Det vert registrert når medisinen vert teken ut av dispenseren. Vert ikkje medisinen teken ut innan ei viss tid låser dispenseren seg og det vert sendt melding til plo (unngå at brukar tek to dosar for nær).

- **Hjelphemidlar, rettar, TT-ordning og moglegheiter for heimebuande, og korleis det vert informert om dette.**

Hjelphemidlar

Fysioterapeuten organiserer hjelphemidlar i kommunen.

Når pasienten er innlagt i sjukehus startar dialogen tidleg og det vert avklart om vedkommande har behov for hjelphemidlar.

Me har og eit lager på Samnangerheimen med litt enklare hjelphemidlar som innbyggjarane kan låna (td toalettforhøgar, krykker mm)

TT ordninga

Funksjonshemma i Hordaland kan få støtte til fritidsreiser med drosje med TT-kort.

Kven kan søkje om å bli godkjent som brukar?

- Ordninga gjeld personar over 9 år som er fast busett i Hordaland og som på grunn av sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytte buss.
- Rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte er prioriterte i ordninga, men andre med nedsett mobilitet kan også søkje.
- Funksjonsnedsettinga må venteleg vare i minst 2 år.
- Personar med fast plass i institusjon vert berre godkjend som brukar dersom dei er avhengig av rullestol eller er blind/sterkt svaksynte.

Kva kan du søkje om?

Du kan søkje om fritidsreiser med drosje eller spesialbil (bil utstyrt for transport av rullestolbrukarar).

Korleis søker du?

Søknaden består av to skjema: eigenerklæring og legeerklæring. Du fyller sjølv ut eigenerklæringa. Det er viktig at du grunngjev kvifor du ikkje kan nytte offentleg transport. Legeerklæringa skal fyllast ut og underteiknast av lege. Begge skjema må vere fylt ut før søknaden blir handsama. Send skjema samla til fylkeskommunen eller bustadkommunen;

Info

Heimebesök til dei over? Eit tilbod der kommunen kan komma på heimebesök og informera litt om dei rettane som finns, gje tips om tilpassing av hus, informere om ulike tilbod kommunen har mm.

Heimesida vår.

Ta ein tlf til plo.

- ***Informasjon om eventuell koordinerande bistand i høve til eldre einslege som ikkje har familie eller vener som kan hjelpe seg til lege, tannlege etc. Info om individuell plan.***

Koordinerande bistand

Samnanger kommune må ha fokus på primæroppgåvene. Må pasienten ha følgje og ikkje har nokon vert dette lagt inn i vedtak.

Me ønskjer å samarbeide nært med dei frivillige slik at oppgåver som Samnanger kommune ikkje skal ta på seg kan løysast av andre.

Individuell plan

Individuell plan er for dei med langvarige og koordinerte tenester. Er det behov for dette kan ein søkje til koordinerande eining som er på Samnangerheimen.

Mest aktuelt for yngre brukarar, td med funksjonshemming.

- ***Status angåande innkjøp av stolar til Storstova Samnangerheimen.***

Må sjå om det er midlar mot slutten av året.

- ***Info om rutinar for plassering av personar som er på avlastning, og kven dei vert plassert saman med***

Samnangerheimen har i dag einerom til alle.

Dei som får korttidsplass eller avlastning vert i utgangspunktet plassert der det er ledig. Me har ikkje stor nok sjukeheim til å ha eigne avdelingar for denne gruppa.

Det er likevel slik at dei tilsette til ei kvar tid vurderer om ein må setje inn tiltak.

Grete Lill Hjartnes

Sektorleiar helse og omsorg